



William Hut i Bøkkerverkstaden - laurdag kjem han i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det har vore ein utruleg respons på William Hut, som skal ha konsert i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld.

Det kunne Magne Huglen fortelja søndag kveld. Då var det berre 10 billetter att som ikkje var førehandstinga og det var før annonsering i avisene og før plakatar var sett opp rundt om i Kvinnherad. Førehandstalen på innsida.no og uskedalen.no hadde med andre ord vore tilstrekkeleg.

- Annonsering i avisene og plakatar kan eg sikkert gøyme til eit anna høve, sa Huglen, som i likkheit med mange andre gler seg til møtet med den store songartisten frå Bergen.